

## Innkalling Kompetanseforum Hardanger Voss

Onsdag 24.mars 2024 kl 09.30-11.30 - Digitalt møte

Sakliste:

### 1. Innspel dimensjonering av utdanningstilbudet 2024/2025

Nye innspel for 2024/2025

Kva er gjennomført av tidlegare innspel?

#### Vedlegg:

Forrige års innspel

### 2. Høyringsuttale til ["Høyringsforslag til heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune 2025-2035"](#) Høyringsfrist er 20. mai.

Kompetanseforum utformar høyringsuttale i møte, med utgangspunkt i Hardangerrådet sin. Den er bygd på notat frå forrige møte i Kompetanseforumet.

#### Vedlegg:

Forslag til Uttale frå Hardangerrådet - der ein ønskjer kommentar frå kompetanseforum om eventuelle endringar

### 3. Ymse

Kinsarvik 18.04.2024

Trude Rinaldo,

Konsulent

# Kompetansebehov i arbeidslivet – innspel frå Hardanger-Voss

## Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2023/2024:

**MRK** Dette er eit forenkla innspel til Kompetanse Vestland. Innspelet er basert på forrige års innspel som var felles for Hardanger-Voss-Sogn. Nye moment i høve fjorårets innmelding er vist med tekst i blå farge.

### 1. Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2023-2024:

Utdanningsprogram	Kort skildring av behovet	Grunnlag for vurdering
Elektro og datateknologi vg1 og elenergi og ekom vg2	Fleire bedrifter i regionen trekker fram at det er stor mangel på elektrikarar. Kraftbransjen ønskjer seg fleire jenter. <a href="#">Viktig å løfta fram høve til kryssløp mot kjemi/prosess og vg2 køyretøy</a>	Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien, kraft-/energibransjen, elektroverksemdar
Energimontør vg 3	Hardanger har eit tilbod som dekker behovet. Fleire bedrifter melder inn behov for lærling i energioperatørfaget.	Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien, kraft-/energibransjen, elektroverksemdar
Teknologi og industri vg1	Særskilt til industriteknologi som har stort behov for lærlingar.	Behovsinnmelding frå næringslivet; prosessindustrien, systemindustrien
Industriteknologi vg2	Hardanger og Voss sysselset ca .... i industrien. Dei yrkesretta utdanningane er godt tilpassa bedriftene sine behov og det er avgjerande at vi opprettheld dette tilbodet. Mange tilsette vil gå ut i pensjon. Blant utdanningane som bedriftene har særskild nytta av er TiP/Industriteknologi og Automasjonsfaget, som er direkte knytta til læreplassar hos bedriftene. Fleire bedrifter etterspør kompetanse innan <b>fagoperatør i produksjonsteknikk</b> Det er kontinuerleg behov for tilgang på <b>industrimekanikarar, platearbeidarar m.fl.</b> I dag er det for få lærlingekandidatar og det er vanskeleg å rekruttera lærlingar for kvart år. Rekruttering pågår kontinuerleg og lokal tilgang på ressursane er avgjerande for bedrifta.	Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. prosessindustrien, systemindustrien
Kjemiprosess- og laboratoriefaget vg2	Dei yrkesretta utdanningane er godt tilpassa bedriftene sine behov.	Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. havbruk

		prosessindustrien systemindustrien
Køyretøy vg2	Bilmekanikar for tunge køyretøy og lette køyretøy er kompetanse som fleire bedrifter har behov for. Dette gjeld for heile Hardanger-Voss. <a href="#">Behov for elbil-kompetanse vil auka kraftig framover.</a>	Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. Transportselskap Entreprenørbedrifter Renovasjonsselskap Kommunar
Transport og logistikk vg2 <a href="#">Denne vart starta 2022/23</a>  Transport og logistikk vg3	Ny linje ved Kvam VGS. Mange av yrkessjåførane vil gå av med pensjon dei næraste åra.  <a href="#">Kvam vgs jobbar saman med lokal trafikkskule om å kunne tilby vg3 tilbod frå 2024/25</a> <a href="#">Ønskje om kryssløp frå andre programområder.</a>	Behovsinnmelding frå næringslivet; t.d. Transportselskap Entreprenørbedrifter Renovasjonsselskap Kommunar
Bygg- og anleggsteknikk vg1 Teknologi- og industrifag vg1 Anleggsteknikk vg2 <a href="#">Betong og mur vg2</a>	Det er auka behov for fagarbeidar i byggfag, særleg inneber fortsatt redusert tilgang til utanlandsk arbeidskraft at bransjen treng fleire nyutdanna. Vurderinga er at tilbodet til anleggsteknikk vg2 og tømrrar vg2 bør oppretthaldast slik det er i dag. Behov for anleggsmaskinfører. <a href="#">Betong og mur vg2 er ei ny utdanning frå skuleåret 21/22 og Voss vgs er ein av 4 skular i VLFK som har dette utdanningsløpet. Alle våre elevar, 12 stk, har allereie fått teikna lærekontrakt – og frå lokalt / regionalt næringsliv vert det sagt at det her er eit stort behov for fagarbeidarar.</a>	Behovsinnmelding frå næringslivet; Renovasjonsselskap Entreprenørbedrifter Kommunar
Sal, service og reiseliv vg1 Sal og reiseliv vg2	Voss gymnas har desse tilboda som er rett dimensjonert slik det er i dag og som bør vidareførast. Reiseliv er stor næring som etterspør arbeidskraft med denne kompetansen. Stor etterpurnad frå handelsnæringa etter lærlingar.	Behovsinnmelding frå næringslivet; Overnatting Servering Handel
Restaurant- og matfag vg1 Kokk- og servitørfag vg2	Reiseliv og serveringsbransjen har behov for lærlingar. I regionen vart det før korona sett i gang mange konkrete tiltak for å rekruttera til faget. Aktuelle løysingar kan vera kvalifisering etter Gloppen- modellen eller kombinasjonsklassar samansett av vaksne inkl. minoritets- språklege og dei med ungdomsrett.	Behovsinnmelding frå næringslivet; Overnatting Servering Handel
Helsefagarbeidar	Stort behov på kort og lang sikt i vår region grunna pensjonsavgang og auka tal eldre. Gode erfaringar med kombinasjonsklassar for vaksne innvandrarar og dei med ungdomsrett og samarbeid mellom skulane. Dette er med på å sikre tilbodet over tid. Erfaringar er at det er god formidling av lære plassar. Det bør vurderast kombinerte løysingar for ungdommar	Statistikkgrunnlaget til fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå kommunane

	og vaksne. Det kan fylla nødvendige klassar. <a href="#">MRK Odda vgs vil ikkje tilby vg2 helsefag i skuleåret 2022/23. Dette tilbudet bør vurderast på nytt fom 2023/24.</a>	
Barne- og ungdomsarbeidar	Behov grunna pensjonsavgang.	Behovsinnmelding frå kommunane
Påbygging til generell studiekompetanse vg3	Viktig å sikre tilbod om påbygg til generell studiekompetanse etter yrkesfagutdanning slik at dei som ønskjer det har moglegheit til å søkje høgskuleutdanning. For kvalifisering til studie bør det kunne leggjast til rette for auka bruk av nettundervisning.	Behovsinnmelding frå privat og offentleg sektor
Studiespesialiserande	Tilboda bør vidareførast slik at ein sikrar full fagbreidde til programfaga på vg2 og vg3.	Behovsinnmelding frå privat og offentleg sektor
Informasjonsteknologi og medieproduksjon Vg1 Informasjonsteknologi Vg2	Aukande etterspørsel etter denne kompetansen i Hardanger-Voss. Tilgang på læreplassar er stabilt eller litt aukande. Viser også til at betydninga av digitalisering vert større etter koronapandemien.	Behovsinnmelding frå NAV Kunnskapsgrunlaget

Det er viktig å kunne tola svingingar i søkjartalet til dei vidaregåande skulane utan at det fører til drastiske endringar i tilbudet. Fleksible modellar med rom for halve klassar i år med låge elevtal, kombinasjonsklasser (vaksne og unge) og digital undervisning er tiltak som bidreg til at utdanningstilboda kan vidareførast. Føreseieleg utdanningstilbod er viktig for å klare å utvikla samarbeid mellom næringsliv, kommunar og vidaregåande opplæring.

Erfaringane er at det er god formidling av læreplassar i [Hardanger-Voss](#), noko som tilseier at dimensjoneringa har treft arbeidskraftbehova. Innan fleire utdanningar har Hardanger fleire læreplassar enn elevar. Arbeids- og næringsliv må ta imot også minoritetsspråklege til praksisplassar. Ein ser at minoritetsspråklege elevar er like flinke, men strevar med å få lærekontraktar p.g.a. for dårlege norskkunnskapar.

Justeringar av nærskuleområde bør vurderast slik at ein sikrar eit variert og breitt studietilbod ved dei vidaregåande skulane i regionen.

Vi forventar at [Kompetanse Vestland](#) legg betre tilrette for desentraliserte tilbod til lærlingar som manglar teori. Dagens situasjon der lærlingar frå distriktet må til Bergen for teoriundervisning er ikkje eit tilfredsstillande tilbod for vår region.

## 2. Kompetansebehov fagskule:

Utdanning	Kort skildring av behovet	Grunnlag for vurdering ( gjerne namn på bedrift)
Elkraft	Det er behov for personell med teknisk bakgrunn frå fagskule til fleire bedrifter i regionen og etterspørselen etter arbeidskraft vil auka dei nærmaste åra. Behov for vidareutdanning av operatørar i drift og vedlikehaldspersonell.	Behovsinnmelding frå næringslivet; Kraft-/energibransjen

Automatisering	Som over	Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien
Prosessteknikk	Som over	Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien
Maskinteknikk	Som over	Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien
Fagskuleingeniør	Behov for kompetanse innan mekanisk konstruksjon og kompetanse innan hydraulikk og elektro. Her må det til ei kvar tid vera tilgang til ingeniørar.	Behovsinnmelding frå næringslivet; Prosessindustrien Systemindustrien Entreprenørverksemder

### 3. Kompetansebehov høgskule/universitet:

Regionane er ulike og det er behov for å ta i bruk «hybride» undervisningsformer for å møte kompetansebehova i arbeids- og næringsliv.

Høgskulen på Vestlandet (HVL) bør tilby desentraliserte utdanningar i større grad enn til no. Undervisningstilbodet bør gjennomførast så lokalt som mogleg. Lang reiseveg til Campus gjer at mange kandidatar ikkje startar på høgskulestudie. Omstilling, meir desentrale tilbod og meir bruk av digital undervisning må til for å få fleire til å ta høgskuleutdanning.

Mange av dei som tek fagbrev og fungerer vidare i jobben modnast slik at dei ofte vert svært gode 'emne' for vidareutdanning. Vi ser også at ein del samstundes "låser seg" til hus og familie (noko som også er svært bra), men forhindrar at dei tar vidareutdanning då dei ikkje har gode nok lokale tilbod, og ikkje kan reisa.

Vi meiner derfor at det bør etablerast eit betre desentralisert høgskuleutdanningstilbod også i Hardanger/Voss og flaggar dette som eit tydeleg satsingsområde. Med å prioritera dette vil Kompetanse Vestland byggja opp under alle næringar, samt det offentlege behovet.

For Hardanger-Voss vil helse, oppvekst og digitalisering vera prioriterte fag for oppretting av desentraliserte tilbod gjennom HVL.

Vi vil presisere at vi truleg må vente oss ein auka omstillingshastigheit i framtida. Det er difor viktig med desentraliserte tilbod både av kort- og langvarig karakter som speglar dette. Det betyr igjen stor grad av fleksibilitet i tilboda og at tilboda vert tilpassa behovet.



Hardangerrådet iks



Til  
Helse- og omsorgsdepartementet  
att: Helseministeren

Kopi:  
Hardangerkommunane  
Hardanger Siderprodusentlag  
Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin

### **Uttale til helseministeren vedrørende landbruksproduktet sider og sal av det.**

Vidareforedling av ei råvare produsert på garden er mange gonger nøkkelen til økonomisk berekraft. Siderproduksjon på norske gardar er det. Med utviklinga av dette historiske produktet sider, vert det no skapt nytt liv på mange gardar med stor framtidstru i Hardanger, men også i mange andre distrikt. Unge tek over og satsar.

For Hardanger er denne næringa særst viktig, og no ofte "reason to go" i reiselivsnæringa. Det veks fram mange nye aktivitetar. Dette er eit stort samspel som er i vekst.

Då er det viktig at også myndigheitene lever i tida, og utviklar eit lovverk som tek vare produsentane og den krafta som er her no.

Hardangerrådet ber myndigheitene å sjå på denne saka med fleire perspektiv.

Hardangerrådet har fått eit "Memo om Alkoholreklame" av Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin. Det er vedlegg til uttalen.

Me vil framheva kva Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin ynskjer.

Særutdrag frå memoet:

#### **1. Kulinariske Noreg: Reiselivspakkar; Mat og drikke i kombinasjon**

Me ynskjer:

- *at det blir gjeve unntak til å gi nøktern og faktabasert informasjon når alkohol inngår i mat- og drikkepakker ved ein skjenkestad eller når opplevingar knytt til alkohol inngår i reisearrangementer.*
- *ein kan nytte ikkje-produktspesifikke bilder og video.*
- *gardsnamn og produsentnamn må kunne vera del av produktskildringa.*

#### **2. Formidling av kultur, historie og det heilskaplege konseptet på gardane - frå jord til bord.**

Me ynskjer:

- *at for produsentar som oppfyller krava til «heilskapleg konsept» og har løyve til gardsutsal blir det tillatt å visa produksjon av alkoholhaldig drikke i tekst og bilete både på nettside og i sosiale medier. Bileta skal vera nøkterne og ha produksjonsprosessen og ikkje alkoholen i fokus. Spesifikke alkoholhaldig produkt (etikett) skal ikkje framgå av bileta.*

### **3. Konkurranseridande kommunikasjonsforbod.**

Me ynskjer:

- *at lukka sosiale mediekontoar som inneheld informasjon om alkohol, kan få opp innhald frå produsenten. Ei forutsetning at følgjarane aktivt trykkjer "følg" og bekreftar at dei er over 18 år,*
- *at det er tillatt å oppretta eigne lukka sosiale mediekontoar retta mot utanlandsk marknad.*

Hardangerrådet ber helse- og omsorgsministeren å arbeida for godkjenning av endringane føreslått til alkohollova av Nasjonalt fagutval for norsk sider og fruktvin. Me meiner det er viktig og at det er fleire føremoner enn bakdeler.

Kinsarvik, 12.04.2024

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Eidfjord kommune  
Timo Knoch  
ordfører/rådsordfører Hardangerrådet

Kvam herad  
Torgeir Næss  
ordfører

Ullensvang kommune  
Roald Aga Haug  
ordfører

Ulvik herad  
Jens Olav Holven  
ordfører